Kva alternativ er innanfor? Og kva er ikkje lurt eller greitt?

1. Du legg arma rundt skuldra til ein venn, men vennen din blir stiv i kroppen og ser bort. Du kan:

   a) Ta vekk arma og spørje «Blei det litt for nært?»
   b) Ta bort arma, men fortsette å smile og prate som om ingenting er hendt.
   c) Berre la arma ligge der så vennen din venner seg til det.

2. Du vil gi nokon ein klem, men den andre trekk seg litt bakover. Du kan

   a) La vere å klemme og smile vennleg i staden.
   b) Bli fornærma og gå vekk.
   c) Spørje «Var du ikkje heilt klar for ein klem?»

3. Du og ein venn tullar og herjar litt med kvarandre. Plutseleg vil ikkje vennen din meir, og prøver å kome seg unna. Du kan:

   a) Stoppe og foreslå noko anna å gjere.
   b) Fortsette litt til, sidan han nettopp var med på det sjølv.
   c) Spørje vennen din kva som skjedde og om alt er ok.

4. Du seier «Fin sovesveis» til ein som kjem seint til skulen. Du ser at det traff feil så du kan:

   a) Seie «Sorry, men eg klarte ikkje å la vere, den sveisen er fantastisk bra!»
   b) Seie «Unnskyld, det var unødvendig av meg.»
   c) Himle med augene og le litt til den du sit ved sidan av.

5. Du skal til å ta eit bilde av ein venn, men ho snur seg bort og dekkjer ansiktet. Du kan:

   a) Forklare kvifor du ville ta bildet og overtale til å få lov.
   b) Seie unnskyld og leggje bort mobilen.
   c) Vise at du blir irritert og spør om ho trur du skulle legge det ut eller noko.

6. Du set deg inntil nokon på benken og merkar at han flyttar seg litt vekk frå deg. Du kan:

   a) Spør «Luktar eg ekkelt eller?»
   b) Reise deg og finne ein annan plass.
   c) Vise at det er greitt å like litt plass rundt seg ved å smile vennleg.